

# Møteprotokoll

**Utval:** Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde  
**Møtestad:** Rådhuset, Førde  
**Dato:** 16.03.2015  
**Tidspunkt:** 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	LEDER	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 12/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 13/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 14/15	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding - Nils Olav Kongsvik		2015/493
ST 15/15	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Godkjenning av forvaltningsplan		2012/308
ST 16/15	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler frå bestillingsdialogen 2015		2014/4300
ST 17/15	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Arbeidsoppgåver og satsingar i 2015		2015/562
RS 2/15	Orienteringssaker		2015/562
ST 18/15	Eventuelt		

### ST 12/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll ST 12/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.03.2015**

#### Vedtak

Det er kome til ei sak under Eventuelt; søknad om kjentmannskøyning frå Jølster Røde Kors Hjelpekorps

Innkalling og sakliste vart godkjent med den merknaden

### ST 13/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

**Saksprotokoll ST 13/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.03.2015**

#### Vedtak

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert

Arkivsaksnr: 2015/493-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 05.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	14/15	16.03.2015

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding - Nils Olav Kongsvik

### Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlanding frå Nils Olav Kongsvik
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

### Søknaden

Nils Olav Kongsvik ynskjer å feire 60-årsdag på Sandfjellet laurdag 25.april 2015. I samband med feiringa vil om lag 15 bursdagsgjestar overnatte ved toppen på Sandfjellet, 1249 m.o.h. Kongsvik søker derfor om løyve til å lande med helikopter på Sandfjellet, for å transportere opp ein stor lavvo (som veg om lag 100 kg) og mat og drikke for eit døgn i fjellet. Bursdagsgjestane skal sjølv gå opp og renne ned att, det vert ikkje transportert personar i helikopteret.

Søknaden gjeld ei landing 25.april for å transportere opp utstyr og mat, og ei landing 26.april for nedtransport. Begge landingane vil skje om lag 50 meter aust for toppen, i Førde kommune. Kongsvik opplyser om at dei sjølv sagt skal rydde opp etter seg, slik at det ikkje vert synleg at dei har vore der.

### Verneforskrift og anna lovverk

I følgje verneforskrifta for landskapsvernområdet er all motorferdsel, inkludert landing med helikopter, forbode i landskapsvernområdet. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel til visse føremål og på visse vilkår. Den motorferdsla som det her er søkt om fell ikkje inn under nokon av dei unntaka i regelverket.

Søknaden må derfor vurderast opp mot naturmangfaldlova § 48, første ledd:

#### **§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)**

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

I slike «§48-saker» må ein først vurdere om tiltaket fell inn under denne heimelen, altså kor vidt det strir mot verneføremål og påverkar verneverdiar nemneverdig. Og so deretter må ein ta det skjønsmessige vurderinga om eit slikt vedtak skal gjevast.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon frå vernereglane må all motorferdsel i utmark ha løyve eller dispensasjon etter Lov om motorferdsel i utmark. Denne er det kommunen som handterer og søkjaren er sjølv ansvarleg for å få slikt løyve på plass.

### **Vurdering**

Søknaden gjeld transport av varer og utstyr i samband med eit privat arrangement. Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det, so søknaden vert vurdert opp mot naturmangfaldlova (nml) § 48. Her må det først vurderast om tiltaket strir med verneførmål og påverkar verneverdiar nemneverdig. Føremålet med vernet er å ta vare på eit stort samanhengande, vakkert og tilnærma urørd naturområde med stor variasjon og kulturlandskap. Isolert sett vil ikkje tiltaket vere i strid med dette føremålet og der er ikkje særskilde verneverdiar på Sandfjellet som kan verte påverka nemneverdig av desse to landingane. Føresetnadane i nml § 48, første ledd er derfor oppfylt og søknaden kan vurderast etter den paragrafen.

Det er snakk om å lande med helikopter på snødekt mark for å losse av og å laste på utstyr. Landinga vil ikkje sette varige spor i terrenget eller landskapet. Det er ikkje venta at villrein, rovfugl eller andre sårbare førekomstnar nyttar dette området på denne tida av året. Det er altså særst lite truleg at tiltaket vil ha nokon negativ effekt på naturmiljøet.

Sandfjellet er eit veldig populært turmål. Særleg på våren som det her er snakk om er det mange som går på topptur til Sandfjellet, både frå Naustedalen og frå Angedalen. Det er søkt om å lande på laurdag og søndag, og det er sannsynleg at det vil vere turfolk opp mot og/eller på toppen av Sandfjellet på desse tidspunkta. Helikoptertransport går raskt og uroar i ein veldig kort tidsperiode, men er synleg over lange avstandar og skapar mykje støy den tida det står på. Motorferdsle i populære utfartsområder og/eller i tidsrom med mykje utfart skal ein normalt unngå.

Som nemnt er det her snakk om transport i samband med eit privat arrangement. Det er ikkje omtala verken i verneforskrift eller i framlegg til forvaltningsplan. Arrangementet det er snakk om er ei bursdagsfeiring, og dermed ikkje verken unikt eller sjeldan på noko vis. Dersom ein opnar for dette vil det seinare kunne verte nær umuleg å avgrense slik aktivitet utan å handsame ulikt.

Kort fortalt er dette ei prinsipielt vanskeleg sak. Isolert sett vil ikkje tiltaket ha noko negativ påverknad på naturen eller landskapet. Det er og positivt at folk vil ta landskapsvernområdet og naturen i bruk i samband med bursdagar eller andre arrangement so lenge dette ikkje går ut over naturmiljøet. Det er ikkje vanskeleg å forstå at søkjaren ynskjer å feire dagen sin på denne måten.

Men tiltaket kan vere problematisk for andre friluftsbukarar som det truleg vil vere i området på det tidspunktet det er søkt om å lande, og som kan oppleve motorferdsle som negativ. Eit slikt løyve vil dessutan kunne skape ein særst uheldig presedens. Eit slikt arrangement som det her vil verte lagt merke til, og andre kan fort få lyst til å gjere det same i samband med sine bursdagar eller andre markeringar. Dersom ein først opnar for dette, vil det vere særst vanskeleg å avgrense det igjen.

Som sagt er det ikkje vanskeleg å forstå ynsket til søkjaren. Men av omsyn til andre friluftsbukarar og for å unngå å skape ein uheldig presedens, vil eg råde verneområdestyret til å avslå søknaden.

I tillegg til det som er nemnt over her vil eit eventuelt løyve vere i strid med naturmangfaldlova § 10 om samla belastning, sidan denne og skal omfatte framtidig belastning av å gje løyve og dermed opne for fleire liknande saker. Det vil og vere i strid med § 12 om å velje mest skånsame metode eller lokalitet, då tiltaket kan gjennomførast utanfor verna område.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden om å helikoptertransport av utstyr til Sandfjellet i samband med bursdagsfeiring. Avslaget er grunngeve i omsyn til andre friluftsbukarar og presedensverknad.

## **ST 14/15 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding - Nils Olav Kongsvik**

**Saksprotokoll ST 14/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre- 16.03.2015**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltaren

Arkivsaksnr: 2012/308-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 05.03.2015

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	15/15	16.03.2015

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Godkjenning av forvaltningsplan**

Forvaltaren har lagt dei endringane som styret vedtok på førre møte, inn i framlegget til forvaltningsplan.

Framlegg til forvaltningsplan er no klart til å verte vedteke av verneområdestyret. Etter at planen er vedteken skal den sendast over til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning der.

### Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde slik det no ligg føre, og sender plana til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

## **ST 15/15 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Godkjenning av forvaltningsplan**

### **Saksprotokoll ST 15/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.03.2015**

#### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltaren, og sender forvaltningsplanen til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

Arkivsaksnr: 2014/4300-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.03.2015

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	16/15	16.03.2015

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar frå bestillingsdialogen 2015**

### **Dokument i saka:**

- Vedtak frå styremøte 4/14, med prioritering av bestillingsdialogskjema fpr 2015
- Tildelingbrev frå Miljødirektoratet

### **Bakgrunn**

Verneområdestyret har no fått tildelingsbrev med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Styret har fått tildelt kr 300.000 (netto) til fordeling mellom dei tiltaka som styret sette opp i bestillingsdialogen i styremøte 4/14. Oversikten ser de på neste side.

Prioritering	Tiltak	Skildring	kostnad	vidareføring av påbegynt?
1	Buføringsveg i Traudalen	Gjere ferdig buføringsvegen langs Nibberåsa i Traudalen. Står att omtrent 150 meter.	200000	ja
2	Florakartlegging	Halde fram med kartlegging av plante- og dyreliv, med fokus på sjeldne og/eller kalkkrevjande artar.	15000	ja
3	Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med slått på Arnestadstøylen	10000	ja
4	Sti langs Vonavatnet	Merke, rydde sti langs Vonavatnet inn til klopplegginga frå 2013.	100000	ja
5	Ryssdalshorn	Tilrettelegging med sherpa i ura oppunder Geitabykset.	50000	nei
6	Parkeringsplass Rauset	Opparbeide parkeringsplass med plass til 6-7 bilar ved krysset Rausetstøylen/Hestedalen	50000	nei
7	Fjerning av framande artar	Fjerne gran. Rundt støylar/kulturlandskap og mindre førekomstar	100000	kontinuerlig
8	Utfiskeprosjekt Vonavatnet	Vere med å delfinansiere utfiskingsprosjekt i Vonavatnet	18550	ja
9	Stiarbeid Stegsvatnet	Utbetre sti frå Stegen til Kupa	50000	ja
10	Stiarbeid Arnestadstøylen	Utbetre sti frå Osen i Langedalen og inn til Arnestadstøylen. Rydding, lage nokre enkle grøftar og vassrenner, flytte på litt stein og jord her og der.	40000	nei
11	Stiarbeid Gjengedal	Fikse tidlegare utbeta sti i Urabakkane. Kloppar over gjørmehol ved barnegrava.	50000	ja
12	Stiarbeid Breidalen	Rydde, merke, legge kloppar på stien frå Gimmedstøylen til Breidalen	100000	nei
13	Stiarbeid Sørsendalen	Utbetre sti frå Kandalsstøylen og oppover Sørsendalen	30000	nei
		<b>Sum</b>	<b>813550</b>	

Miljødirektoratet informerer om at Utfiskeprosjekt i Vonavatnet fell utanfor postføremålet for tiltaksmidlane, og at dette tiltaket derfor ikkje kan prioriterast/støttast.

#### Handsaming i møtet

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre må prioritere dei tildelte midlane mellom dei tiltaka som er sett opp i bestillingsdialogen.

## **ST 16/15 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler frå bestillingsdialogen 2015**

**Saksprotokoll ST 16/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.03.2015**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tek til etterretning at Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde har fått tildelt 300.000 i tiltaksmidler gjennom bestillingsdialogen, og at dette er ein tydeleg reduksjon frå førre år.

Midlar til tiltak i verneområdet har blitt halvert sidan 2012, og dette ser verneområdestyret på som særst beklageleg.

Prioritering av tiltaksmidler for 2015:

- Buføringsvegen i Traudalen skal gjerast ferdig. Styret set av 150.000 til dette.
- Dei resterande 150.000 skal brukast på tiltak i tråd med dei prioriterte som vart gjort i første bestillingsdialogmøtet.
- Utfiskingsprosjekt i Vonavatnet vert ikkje støtta med tiltaksmidler, då Miljødirektoratet seier at det tiltaket fell utanfor postføremålet for tiltaksmidlane.

Arkivsaksnr: 2015/562-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.03.2015

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	17/15	16.03.2015

### **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Arbeidsoppgåver og satsingar i 2015**

- Forvaltaren ber verneområdestyret kome med innspel til kva arbeidsoppgåver og tiltak som skal prioriterast i 2015.
- Forvaltaren har i ledig tid gjort arbeid for Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen. Dette har i hovudsak vore arbeid med små verneområder i Nordfjord, der det grunna kompetanse og arbeidsstad har vore praktisk at forvaltaren har tatt ymse oppgåver.

Det er eit ynskje, både frå miljøvernavdelinga og forvaltaren at dette kan halde fram, under føresetnad av at arbeidet for verneområdestyra har første prioritet og går føre andre oppgåver.

Det er verneområdestyra som rår over forvaltaren si arbeidstid, og forvaltaren ber derfor styret ta stilling til dette.

## **ST 17/15 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Arbeidsoppgåver og satsingar i 2015**

### **Saksprotokoll ST 17/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre- 16.03.2015**

#### **Vedtak**

Verneområdestyret ber forvaltaren prioritere desse arbeidsoppgåvene i tillegg til primæroppgåvene sine som sekretariat for verneområdestyret:

- Informasjonsarbeid mot skuleverket
- Kartlegging og informasjon om kulturminner, ferdselsårer, kulturhistorie, gamle jakthistorier og liknande

Verneområdestyret godkjenner at forvaltaren kan bruke ledig arbeidskapasitet til arbeidsoppgåver for Fylkesmannen so lengde dette ikkje går ut over primæroppgåvene som sekretariat for styret og forvaltar for verneområdet.

Arkivsaksnr: 2015/562-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	2/15	16.03.2015

### Orienteringssaker

- Bjørn Årdal i Jølster har fått eit treårig løyve til å transportere forsyningar, materialar og saltstein inn til hyttene i Årdalskupa. Årdal hadde liknande løyve i åra 2012 til 2014.
- 25. februar arrangerte verneområdeforvaltaren eit ope møte om motorferdsel i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Møtet fann stad på skei, og om lag 20 personar møtte opp. Mange interesser og offentlege etatar var representert og vi hadde eit særst godt og konstruktivt møte.
- 14.-15.april skal det vere Nasjonalparkkonferanse i Trondheim. Konferansen rettar seg mot nasjonalpark- og verneområdestyre og andre som jobbar med og i forvaltninga av store verneområde. Reise og deltaking vert dekkja av driftsmidlane til verneområdestyret og av Miljødirektoratet, som arrangerer konferansen.

Arkivsaksnr: 2015/562-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde		16.03.2015

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om kjentmannskøyring frå Jølster RK Hjelpekorps

### Dokument i saka:

- Søknad med øvingsplan Jølster Røde Kors Hjelpekorps 2015 - 2017
- Rundskriv om kjentmannskøyring - Miljøverndept. 31.01.13
- Naturmangfaldlova

### Søknaden

Jølster Røde Kors Hjelpekorps har sendt søknad om kjentmannskøyring basert på øvingsplanen sin for 2015 - 2017. På den er det sett opp kjentmannskøyring på to ruter som går inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde; ei rute i Ålhusdalen og ei rute frå Årdalen til Longevasshytta. På øvingsplanen er det sett opp to turar med to skuterar på ruta til Longevasshytta og ein tur med to skuterar på ruta i Ålhusdalen.

### Verneforskrift, regelverk og rundskriv om kjentmannskøyring

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Det er heller ikkje opning i verneforskrifta for å gje løyve til kjentmannskøyring.

I Rundskriv av 31.01.2013 slår derimot Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) fast at redningstenesta kan få løyve til naudsynt kjentmannskøyring etter naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonsheimel i § 48, første ledd:

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Rundskrivet seier og at so lenge kjentmannskøyeringa er ledd i ein øvingsplan, og i samsvar med lokal redningssentral sine vurderingar, so skal kjentmannskøyeringa normalt godkjennast og få dispensasjon. So lenge køyeringa ikkje strider mot verneføremålet eller vil påvirke verneverdiane nemneverdig, jamfør nml § 48, første ledd.

### **Vurdering**

Problematikken kring kjentmannskøyering og behov for dette er grundig gjennomgått i rundskrivet som Miljøverndepartementet sendte ut i 2013. Det er der slått fast at dette med kjentmannskøyering er eit reelt behov for redningstenesta som dei skal ha ein viss opning for å gjennomføre, og i verna område. Eg ser derfor ikkje noko grunn til å utgreie den problematikken noko meir i enkeltsaker som denne.

Rutene som Jølster RKH søkjer om å køyre er begge i områder som har ein del utfart gjennom vinteren og særleg rundt påsketider. Det er soleis naturlege områder å gjere seg kjende i.

I følge planen skal det køyrast i perioden veke 7-veke 15. Dette er ein ganske vid og lite konkret periode, men det er forståeleg at dette kan variere ut i frå snø- og vertilhøve. Det bør likevel nemnast at ein bør unngå tider med meir utfart enn elles, slik som vinterferie, påske og helgane rundt påska.

Det er ikkje kjent at nokon av desse rutene vil vere i konflikt med dyreliv eller andre sårbare førekomstar.

Vi har ikkje motteke lokal redningssentral si påteikning enno. Men eg vil likevel råde verneområdestyre til å handsame saka no, slik at vi kan få handsama saka på komande møte. Eg vil vidare oppmode om at ein legg vilkår til eit eventuelt løyve om at godkjenning frå lokal redningssentral er ein føresetnad for løyvet.

### **Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml)**

Jamfør nml § 7 skal alle vedtak som kan påvirke naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8-12.

I § 8 vert det sett krav til eit god kunnskapsgrunnlag. Grunnlaget byggjer her på kjennskap til området gjennom synfaringar, kunnskap kring viltet sin områdebruk og tidlegare erfaringar med skuterkøyering i området. Kunnskapsgrunnlaget er solid, og føre-var-prinsippet i § 9 vert ikkje aktuelt her.

Omfanget av motorferdsel i dette området er lågt. Øvingsplanen/søknaden er heller ikkje omfattande og gjeld berre tre turar kvart år. Samla belastning (jf. § 10) er derfor liten. §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Jølster Røde Kors Hjelpekorps får løyve til kjentmannskøyering med snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i tråd med øvingsplanen. Løyvet gjeld ein tur på ruta dei har søkt om i Ålhusdalen og to turar til Longevasshytta.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet føreset at lokal redningsentral godkjenner øvingsplanen
- Løyvet gjeld for åra 2015, 2016 og 2017
- Løyvet gjeld for inntil 3 skuterar per tur
- Løyvet skal vere med under køyring og det skal førast logg/køyrebok over køyringa
- Det skal takast omsyn til turfolk og ein bør derfor unngå køyring i påska og på heilagdagdar.

**ST Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om kjentmannskøyring frå Jølster RK Hjelpekorps**

**Saksprotokoll ST 18/15 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.03.2015**

**Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre følgjer tilrådinga frå politiet og gjev Jølster Røde Kors Hjelpekorps løyve til å køyre ein kjentmannstur til Longevasshytta. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for åra 2015, 2016 og 2017
- Løyvet gjeld for inntil 3 skuterar tur
- Løyvet skal vere med under køyring og det skal førast logg/køyrebok over køyringa
- Det skal takast omsyn til turfolk og ein bør derfor unngå køyring i påska og på heilagdagdar
- Statens naturoppsyn (tlf 97595102) skal varslast før køyring tek til